

## Hjortestamma må reduserast

05.04.2009



Haugland jaktvald er blant dei som står bak kravet om reduksjon av hjortestamma. Her er ein felt Haugland-hjort. (Foto: Jane Haaranes)

**Hjortestamma må reduserast på strekninga frå Løfallstrand til Uskedalen.  
Det krev jaktvald og næringsorganisasjonar i landbruket i området etter eit møte i Omvikdalen nyleg.  
Dei peikar på at hjorten gjer omfattande skadar på skog og grasavlingar.**



Haugland-laget i gang med slakting. (Foto: Jane Haaranes)

Blant dei som står bak kravet er hjortevaldet på Haugland i Uskedalen.

Underskrivarane søkjer om at avskytinga av hjort blir auka frå og med dette året. Dei ønskjer at minstearealet blir 400 dekar pr. dyr og at 50-prosent-regelen blir nytta.

Det er stor frustrasjon mellom grunneigarar i området som opplever å få grasavlingane kraftig redusert. Denne vinteren har hjorten også gjort stor skade på rundballar som ligg lagra rundt omkring.

Hjorten har i tillegg gjort stor skade i skogen der mykje av grana er øydelagt.

Underskrivarane vil på det sterkaste oppmoda viltnemnda om ein positiv dialog vidare i saka.  
- Vi må og saman komma fram til kva tidspunkt avskytinga kan starta, heiter det i brevet.

Av Ola Matti Mathisen